



Startsida

For studiesøkere

For publikum

For samfunn/næringsliv

For studenter

For ansatte

Søk

English

Forskning

Nyheter

Tavla

Om Universitetet

Akutthjelp

IT-brukerstøtte

Fakulteter/enheter

Hjem

Pressemeldinger

UiT i media

Nytt fra enhetene

Referater

Nyhetsarkiv

Labyrint

Abonnér på siste nytt

Kontakt

Nordiske dialektar lansert på nett

I dag vart den første fellesnordiske dialektsamlinga på nett lansert under **MONS - Møte om norsk språk - i Tromsø**. For første gong kan du både høyre og sjå omlag 2,7 milliardar ord frå over 200 ulike nordiske dialektar på nettet.

[Sigrun Høgetveit Berg](#) 25.11.2011 10.17

Det er 3. gong MONS-konferansen blir arrangert ved Universitetet i Tromsø, og fleire uttrykte glede ved å kunne lansere samlinga under MONS og i Tromsø. Direktør i Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen, gratulerte alle språkforskarar med den nye databasen.

- Dette er ein oversiktleg dokumentasjon av norsk og nordisk språkrikdom - som er lett å bruke, slo han fast.

- Vonaleg blir det også eit hjelpemiddel for betre forståing for og av den språklege variasjonen i våre naboland, som kan gje grunnlag for betre nabospråkundervisning og større nabospråkkunnskap.

Førebels mest tilrettelagt for forskarar

[Nordisk dialektkorpus](#) er ei elektronisk samling av lyd- og videoopptak frå over 200 stader i heile Norden, i første omgang med vekt på Noreg, Sverige og Danmark. Opptaka er transkriberte og datalingsvistisk handsama, og ein kan såleis søkje både på ordformer og på grammatiske kategoriar, i tillegg til ulike former for ikkje-språkleg informasjon (kjønn, alder, geografi).

Databasen legg dessutan til rette for ei rekkje forskjellige måtar å handsame søkjerresultata i etterkant og er med det eit avansert verktøy for språkforskning.



Janne Bondi Johannessen (UIO) og Øystein A. Vangsnes (UiT) har vore sentrale forskarar i oppbygginga av dialektbasen. Foto: Sigrun Høgetveit Berg

[Nordisk dialektsyntaks](#). Nettverket har vore leidd frå Universitetet i Tromsø, og forskargruppa ved Universitetet i Oslo har hatt hovudansvar for den tekniske utviklinga av korpuset og annan forskingsinfrastruktur.

- Tenk også fagpolitikk!



Prorektor Curt Rice mana språkforskarane til å tenkje på fagpolitikk, ikkje berre fag. Foto: Sigrun Høgetveit Berg



Språkdirektør Arnfinn Muruvik Vonen ynskte seg at den nye nordiske dialektbasen fører til betre nabospråksforståing. Foto: Sigrun Høgetveit Berg

Språkdirektør Arnfinn Muruvik Vonen ynskte seg at den nye nordiske dialektbasen fører til betre nabospråksforståing. Foto: Sigrun Høgetveit Berg

Førebels er samlinga tilgangskontrollert av personvernomsyn og mest tilrettelagt for forskarar og andre fagpersonar. På sikt vil det bli utvikla ein delvis open versjon retta mot eit generelt publikum.

- Det er ein nettstad - og på ein stad kan ein som kjent vera. Lenge, kunne Endre Mørck, leiar for Institutt for språkvitskap, fortelja, etter å ha prøvebrukt basen nokre dagar.

Korpuset er eit resultat av det nordiske samarbeidsprosjektet

Under opninga av MONS nytta prorektor for forskning og utvikling ved Universitetet i Tromsø, [Curt Rice](#), høvet til å oppildne språkforskarane til også å tenkje fagpolitikk.

- Våre humanistiske fag er under konstant press, og stadig høyrrer me om språkstadium som er nedleggingstruga. Me har måtta gjera det her i Tromsø. Mange av språkfaga er ein del av "småfagsproblematikken" ved universitet og høgsular, og me som forskarar må vera med i debatten om kor mange studieprogram i språk me skal ha i Noreg.

- Og eg spør ikkje etter kva me skal svare på det spørsmålet, men korleis. Dette treng me finne ut av for å overtyde kunnskapsministeren som igjen må overtyde finansministeren om kor viktig våre fag er. Ver med og ta vår sak ut i det offentlege rommet, ba Rice.



University of Tromsø
UiTromsø

Nordisk forskning har nettopp fått et vindu mot verden i partnerskap med @UiTromsø og de andre eierne av forskning.no <http://t.co/BBMEMfk>
14 days ago



Join the conversation

UiT i media:

Variierende fødselsomsorg i Norge

- Dyre julekalendere skader barnet

Studentsamskipnaden i Oslo vil kjøpe Akademisk Kvarter

Mainstream med nyreligiøsitet

Nordiske dialekter møtes på nett

Mest lest:

- Me har skremmande lite kunnskap om Wikipedia

UiT har filmdager i Paris

Ny bok: Hva er nyreligiøsitet?

Heder til tidligere UiT-direktør

Fornøyd med nordområde-meldingen

 [Del på Facebook](#)

Ledelse:

[Universitetsledelsen](#) og [Universitetsstyret](#)

Fakulteter:

[Det helsevitenskapelige fakultet](#)
[Fakultet for naturvitenskap og teknologi](#)
[Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning](#)
[Fakultet for biovitenskap, fiskeri og økonomi](#)
[Det kunstfaglige fakultet](#)
[Det juridiske fakultet](#)

Enheter under styret:

[KVINNFORSK](#)
[Senter for samiske studier](#)
[Tromsø Museum – Universitetsmuseet](#)
[Universitetsbiblioteket](#)
[U-vett](#)

Nyheter:

[Nyhetsportalen](#)
[Tavla](#)
[Nyhetsbrev](#)
[RSS-feeds](#)

IT-brukerstøtte:

[For studenter](#)
[For ansatte](#)
[For gjester](#)

Select Language

Powered by  Google™ Translate

For studiesøkere:

[Studiekatalogen](#)
[Studier og opptak](#)
[Velferdstilbud](#)
[Studentbyen Tromsø](#)

For studenter:

[Studiehverdagen](#)
[Studentorganisasjoner](#)
[Utveksling](#)
[Velferdstilbud](#)
[Karrieresenter](#)

For publikum

[Kart over campus](#)
[Tavla - hva skjer og hvor](#)

HMS:

[Helse, miljø og sikkerhet](#)
[Akutthjelp](#)
[Arbeidsmiljøutvalget](#)
[Bedriftshelsetjenesten](#)
[Verneombud](#)

Søk:

[Søk i telefonkatalog](#)
[Søk etter innhold](#)

